

Kva har historiske rettar å seia for framtidig kystsoneforvaltning?

Konferanse

28. – 29. november 2007

Professor dr. juris Ernst Nordtveit

Innleiing

- Prinsippet om at fiske er ein allemannsrett som er fri for alle om vi ser bort frå offentleg regulering, er etter kvart grunnfesta.
- Historiske rettar tyder vel her særrettar som byggjer på alders tids bruk
- Kystzone er området på land som er påverka av at landet grensar mot sjøen og så den delen av sjøområdet som ligg så nær land at det er påverka av dette

Rettsstrukturen i kystsona

- Området på land og sjøgrunnen ut til marbakken eller to meters djup er underlagt privat egedomsrett. Ein kan kalla dette historiske rettar om ein vil
- Sjøområdet utanfor grensa for privat egedomsrett har vore reknasom anten eigarlaust eller som allmenning. Staten har etter kontinentalsokkelova og petroleumslova eineretten til naturressurar på og i sjøgrunnen
- Ingen allmenn egedomsrett etablert over sjøområdet

Rettstrukturen framh.

- Visse eksklusive rettar har vore etablerte også utanfor den allmenne eigedomsgrensa
 - Strandeigaren har einerett til fiske etter laks og sjøaure med kilenot og visse andre reiskapar.
 - Rett til utfylling utanfor eiga strand
 - Botngarnsfiske i Indre Oslofjord
- Fiske i sjøen har elles blitt sett på som fritt, etter Hummarreskriptet av 1729

Særrettar til fiske?

- Problemstillinga som eg er beden om å gå inn på er om rettार til fiske basert på historiske rettार framleis kan gjerast gjeldande og påverka utnyttinga av kystsona.
- Eit spørsmål som heng saman med dette er om det historiske systemet med deling av fiskerettar, kan gje eit alternativ til dagens system med fritt fiske kombinert med eit offentlegrettsleg konsesjonssystem.
- Det har vore kjent at det har eksistert meir omfattande eigedomssystem til fiskegrunnar også utanfor eigedomsgrensa og det har vore framme i ulike samanhengar

Fiskerigrensesaka mot England

- Pågjekk frå 1935 til 1951
- Noreg fekk medhald i at grunnlinene kunne trekkjast ut til dei ytste skjera
- Bakgrunnen var mellom anna ein omfattande dokumentasjon av at fisketeigane heilt ut på eggakanten var delt mellom ulike gardar eller bygdelag
- Etablerte historiske rettar i form av eit eigedomssystem var altså eit grunnlag for utviding av fiskerigrense og territorialgrense

Petroleum og fiske

- Diskusjonen om petroleumsvirksemd i nord tidleg på 1980-talet
- Ørebech og Ulfstein sine arbeid
- Resultatet eit sterkare vern for fiskerettar i høve til petroleumsvirksemd, mellom anna ved ei erstatningsordning, petroleumsløva kap. 8

Nyare forskning og diskusjon – særleg knytt til samane sine rettar til fiske i Finnmark

- Referanser: Forsking i dei seinare år utført særleg av Kirsti Strøm Bull og Jørn Øyrehagen Sunde. Knytt til undersøkjing av samiske rettar til fisket i Finnmarksfjordane.
- Ingunn Myklebust arbeider med avhandling om rettar til arealbruk på sjøgrunnen og tilhøvet til offentleg regulering

Kva historiske rettar er det tale om?

- Rett for landeigaren til fiske framfor si strand
- Rett til fiskefelt basert på m ed i land. Kunnskap som grunnlag for etablering av eksklusive rettar
- Deling av fiskefelt basert p  geografisk avgrensing

Kva er igjen av dette systemet?

- Eigedomssystemet har blitt trengt attende over lang tid
- Hummarreskriptet av 1729 gjorde fisket fritt
- Utvikling i næringsstruktur, reiskapstypar m.m. førte til at fisket vart mindre knytt til bruk av landet
- Unntak for einsskilde særtilfelle. ”Yrkesvågens fiskeri” i Ryfylke. Særrettar til visse former for verfullt fiske (Torskefiske, hummarfiske o.l.)

Kan dei historiske rettane gjenoppstå?

- Nye konfliktrar vil oppstå i tilknyting til havbeite med avstenging av område for havbeite
 - Døme: Hummaroppdrett
- Lokale rettar som har vore meir eller mindre i hevd vil kunne gjerast gjeldande
- Meir tvilsamt om ein på generelt grunnlag kan gjera gjeldande rettar som i lang tid ikkje har vore handheva
- Dagens næringsstruktur byggjer på oppfatninga om at fisket som hovudregel er fritt

Rettighetssystem som regulering av tilgangen til knappe ressursar

- ”Allmenningens tragedie”.
- Fordeling av knappe ressursar kan skje gjennom rettighetssystem. Sikring av bærekraftig ressursforvaltning.
- Etablering av rettar eller fortrinnsrett til visse typar utnytting blir særskilt viktig ved kultivering. Rett til å hausta det ein sår.
- Vi har ikkje noko system for registrering eller sikring av slike historiske rettar. Dei har vore vanskeleg å handheva.
- Vanskeleg og dyrt å oppretta eit slikt system på sjøen

Utvikling av rettighetssystemet på sjøgrunnen som vilkår for framtidig utvikling?

- Neppe aktuelt å underleggja heile sjøområdet privat eller statleg eigedomsrett i vanleg forstand
- Kongsesjonssystem som gjev einerett til visse former for utnytting er eit alternativ. Alt etablert for oppdrett.
- Registrering eit vilkår for etablering av eit effektivt kredittsystem.

Oppsummering

- Rettighetssystem på sjøområdet er rudimentært og til dels uklart
- Det historiske systemet vart trengt til side og til dels gløymt
- Ny utvikling og ynskje om bærekraftig utvikling kan gje eldre rettar nytt liv
- Systemet må utviklast under omsyn til dei særskilte tilhøva som gjeld på sjøområdet.
- Ingen veg attende – men kunnskap om tidlegare system kan gje rettleiing for framtida